

**RETNINGSLINER FOR STATENS INNKJØPSORDNING FOR NY  
NORSK FAGLITTERATUR FOR BARN OG UNGDOM****Del 1****OMFANG****§ 1**

Ordninga gjeld innkjøp av nye norske fagbøker for barn og ungdom innanfor den kostnadsramma Norsk kulturråd fastset kvart budsjettår. Bøkene blir kjøpte inn i 1 550 eksemplar til fordeling til folke- og skolebibliotek.

**§ 2**

Ordninga gjeld berre for originalskrivne norske bøker, og der originalutgåva er utgitt på norsk forlag. Ho gjeld ikkje utanlandske bøker omsette til norsk.

**§ 3**

Ordninga omfattar fagbøker som er laga for å formidle kunnskap om eit emne, omgrep eller fenomen til barn og ungdom, og som er godt tilpassa desse lesarane.

Målet med ordninga er å kjøpe inn bøker som viser eit mangfald i emneval og presentasjonform, og som rettar seg mot ulike alderssteg innanfor målgruppa.

Kvar bok blir vurdert og kjøpt inn for seg, sjølv om ho er del av ein bokserie. Boka kan vere med eller utan illustrasjonar.

Bøker frå uorganiserte forlag blir behandla på same måte som bøker frå organiserte forlag. Søknadene blir vurderte ut frå kvalitet på fagleg innhald, språk og presentasjon.

Ordninga omfattar ikkje:

- a) lærebøker for grunnskolen og vidaregåande skole
- b) bøker som først og fremst har interesse for eit lokalt eller avgrensa publikum
- c) reine hobbybøker som ikkje samtidig formidlar generell kunnskap om eit fenomen eller emne
- d) CD-rom, DVD e.l.

**§ 4**

Ordninga er avgrensa til ei bok per forfattar per år.

## **§ 5**

Norsk kulturråd kan dispensere frå reglane i §2-4 dersom det ligg føre særlege grunnar til det.

## **§ 6**

Norsk kulturråd kan ut frå erfaringane med ordninga, eller av budsjettårsaker, justere rammene og omfanget for ordninga.

Kulturrådet kan også endre retningslinene. Den norske Forleggerforening/Norsk forleggersamband, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening og Grafill skal på førehand ha skriftleg melding om endringsforslag, og få høve til å uttale seg om desse før rådet gjer vedtak i saka.

## **DEL 2**

### **PRAKTISERING AV INNKJØPSORDNINGA**

## **§ 7**

Søknadsfrist er 1. september kvart år. Dette gjeld for bøker som alt er komne, og manuskript/bokprosjekt som etter planen skal utgivast i kalenderåret. For krav til søknadsmateriell, sjå søknadsskjema.

## **§ 8**

Eit utval oppnemnt av Norsk kulturråd etter forslag frå foreiningane nemnd over vurderer og gjer vedtak om kva bøker som skal kjøpast inn. Utvalet har tre medlemmer og to varamedlemmer. Eksterne konsulentar kan gi råd på dei områda der utvalsmedlemmene ikkje har nok kompetanse.

Utvalet skal innan to månader etter søknadsfristen gjere ei samla vurdering og setje opp ei prioritert liste over dei bøkene som har høg nok kvalitet.

Ved avslag blir det ikkje gitt anna grunngeving enn at boka ikkje er prioritert innanfor budsjettammene. Forlaget kan klage på feil i saksbehandlinga og på bruken av regelverket, men ikkje på det faglege/kunstnarlege skjønnet (Norsk kulturråd er gitt unntak frå klagerett ved kgl.res. av 20.11.87).

Er det tvil om ei bok høyrer heime på fagbokordninga eller ordninga for ny norsk skjønnlitteratur, skal begge utvala vurdere boka.

## **§ 9**

Når forlaget har fått skriftleg melding om at ei bok er innkjøpt, skal det for eiga rekning og så snart boka er ferdig, levere 1 550 eksemplar til den distribusjons-sentralen som Kulturrådet oppgir i brevet.

Bøkene skal leverast i same stand som bøker som er leverte til bokhandel. Distribusjonssentralen står for nødvendig bibliotekutstyr og sender bøkene til dei same mottakarane som for dei skjønnlitterære kulturfondbøkene for barn og ungdom.

## § 10

Norsk kulturråd skal betale vederlag for ei innkjøpt bok innan tretti dagar etter at faktura har kome frå forlaget og boka er levert i rett eksemplartal til distributøren. Den utsalsprisen forlaget oppgjev i søknaden om innkjøp, skal vere bindande *maksimumspris* og leggjast til grunn for utrekninga av det Norsk kulturråd skal betale per bok. Er bokhandelsprisen lågare, skal denne vere grunnlaget. Frå utsalsprisen blir det trekt 42,5 % kvantumrabatt, og frå nettoprisen 2 % kontanrabatt.

## § 11

Blir boka med i tilbodet frå ein bokklubb, skal Norsk kulturråd og forlaget forhandle seg fram til ein rabattsats for innkjøpet.

## DEL 3

### HONORAR OG VILKÅR

## § 12

Når Norsk kulturråd kjøper inn ei bok i samsvar med desse retningslinene, skal desse vilkåra gjelde for honorarutbetalingane frå forlaget til rettshavarane og for honorarrefusjonen frå Norsk kulturråd til forlaget:

1. Forlaget skal betale 22,5 % royalty for inntil 3 000 selde eksemplar og 20 % for selde eksemplar ut over 3 000 og inntil 5 000.

Dersom boka er illustrert, gjeld også royaltyreglane under pkt 3-8 nedanfor.

2. Royalty blir rekna ut frå "hefta bokladepris" (85 % av innbunden pris).
3. Forlaget skal betale honorar til forfattar og illustratør for dei bøkene som vert kjøpte inn så snart Norsk kulturråd har meldt frå om innkjøp, seinast innan fire veker. Oppgjeret kan avreknast mot utbetalt forskot på royalty. I samband med innkjøpet skal forskot reknast ut på nytt etter satsane over, og forfattaren og illustratøren sine forskot – dersom dei har delt royalty - skal ikkje vera mindre enn berekna royalty for sal av ein tredel av dei bøkene som er att etter innkjøpet.

4. Norsk kulturråd refunderer *forlaget* 18 av dei 22,5 prosentane i royalty for dei 1 550 bøkene som vert innkjøpte.
5. For bøker som inneheld originale illustrasjonar for det aktuelle verket og som utgjer inntil 20 % av boka, og der det ikkje finst ei avtale om deling av royalty mellom forfattar og illustratør, skal forlaget betale heile royaltysummen (22,5 %/20 %) til forfattaren.

Til illustratørane av dei bøkene som blir kjøpte inn under denne kategorien, vil Norsk kulturråd gi ei ekstra godtgjersle på 25 % av det honoraret som blei avtalt mellom illustratør og forlag då kontrakten blei underteikna. Så snart boka er klar for utgiving, skal forlaget sende inn honorar- og skatteopplysningar til Norsk kulturråd. Godtgjersla blir betalt ut via Grafill, som trekkjer skatt og gir opplysningar til skattekontoret.

Illustrasjonsgraden blir rekna ut slik:

Den flate illustrasjonane i boka dekkjer –om dei står i marginen eller ikkje – blir rekna om til heile sider, der ei side tilsvarer den flata sjølve satspegelen/tekstspalten på ei bokside dekkjer. Illustrasjonsgraden til boka er den prosentdelen dei reine illustrasjonssidene utgjer av det totale sidetalet.

Ikkje-verna illustrasjonar er ikkje med i utrekninga av illustrasjonsgraden.

6. Forlaget skal for bøker der det er gjort ei avtale om deling av royalty mellom forfattar og illustratør, nytte same delingsmodell for royaltyauken.
7. Forlaget skal for bøker med høgare illustrasjonsgrad enn 20 % og der det er avtalt at illustratøren skal ha eit eingongshonorar (stykkpris) og forfattaren ei avkorting i royaltyen som følgje av den høge illustrasjonsgraden, også avkorte den auka royaltyen på same vis. Attverande royalty skal gå til illustratøren og kjem i tillegg til det honoraret som opphavelg blei avtalt mellom forlag og illustratør. Royaltyen til forfattaren skal likevel ikkje vere lågare enn 9/13 av den auka royaltyen (22,5 %/ 20 %).

Kulturrådet har ikkje det praktiske ansvaret for fordelinga av royalty og honorar mellom forfattar og illustratør, men held seg berre til oppgåver sende inn frå forlaga og refunderer forlaga etter desse.

Satsane for Norsk kulturråds royaltyrefusjon kan endrast dersom mediansalet blir endra.